

## Saksprotokoll i fylkestinget - 11. og 12.12.2018

Kari Foseid Aakre (A) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er styremedlem i Grieghallen AS. Representanten trådte frå under vurderinga av habiliteten.

Fylkestinget vedtok samrøystes at Foseid Aakre er inhabil etter fvl. § 6 første ledd nr. e. Representanten trådte frå under behandlinga av saka.

**Åse Gunn Husebø (A)** sette fram slikt forslag:

Alternativ.  
«Pkt. 5 i innstillinga. 01.02.19.  
Fristen endra til 01.06.19.»

**Rasmus Laupsa Rasmussen (A)** sette fram slikt forslag:

«Fjerne pkt. 1.»

Dan Femoen (H) – stiller spørsmål om habilitet til fylkesrådmannen fordi fylkesrådmann framleis var styremedlem når revisjon blei utarbeida.

Fylkestinget vedtok samrøystes at fylkesrådmannen var inhabil, jfr. fvl. § 6.2.

**Anne Gine Hestetun (A)** sette fram slikt forslag:

«Endring innleiing med å byte ut fylkesrådmann med fylkesordfører.»

Det var 56 representantar tilstades.

### Røysting:

Hestetun (A) sitt forslag vart samrøystes vedteke.  
Rasmussen (A) sitt forslag fekk vart samrøystes vedteke.  
Husebø (A) sitt forslag vart samrøystes vedteke.  
Resten av innstillinga vart samrøystes vedteken.

### Vedtak

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Grieghallen IKS ber fylkestinget **fylkesordføraren** syta for å:

1. Følgje opp KS og Hordaland fylkeskommune sine tilrådingar for val av styre og styrearbeid:
  - a) grunngeving av val av styremedlemmar.
  - b) rutinar for styrearbeid slik som styreevaluering, årsplan, instruksar m.m.
  - c) registrering av styreverv i KS sitt styrevervregister.
2. Sikre at talet på styremedlemmar er i samsvar med inntaksel. § 4.
3. Oppdatere selskapsavtalen og sørge for at praksis er i samsvar med avtalen (mellom anna når det gjeld formulering om varamedlemmar, kva endringar som skal handsamast i fylkesting og bystyre, og val av styreleiar).
4. Laga ein prioritert handlingsplan innan 01.06.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

På bakgrunn av selskapskontroll av **Grieghallen IKS** ber fylkestinget styret syta for å:

1. Sende innkalling til representantskapsmøta i samsvar med inntektsl. § 8 og selskapsavtalen.
2. Utarbeide økonomiplan i samsvar med inntektsl. § 20 og selskapsavtalen
3. Sikre rettidig handsaming av budsjett og rekneskap i samsvar med inntektsl. § 18 og forskrift om budsjett, regnskap mm for IKS § 4.
4. Formalisere rolla som arbeidande styreleiar og kva oppgåver som ligg til denne rolla.
5. Formalisere avtaleforholdet med innleigd dagleg leiar og kva oppgåver som ligg til denne rolla.
6. Utarbeide skriftlege rutinar og kontrollar for dei viktigaste arbeidsprosessane i selskapet.
7. Be om årleg rapportering frå Grieghallen AS om vedlikehald av bygget.
8. Vurdere om det kan vera føremålstenleg å tinglysa ein uråderett knytt til eigedommen, ettersom det er Musikkelskabet Harmoniens fondsforvaltning som har heimel til tomta.
9. Vurdere om selskapet treng både dagleg leiar og arbeidande styreleiar.
10. Laga ein prioritert handlingsplan innan 01.02.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.